

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 2

Tal uprenta vedlegg: 1

Oppfølging av melding om kystskogbruket

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til "Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram" som er ei oppfølging av Melding om kystskogbruket gjennom sin representasjon i styringsgruppa for programmet.
2. Rådet vil utover dette engasjere seg i aktuelle problemstillingar som naturleg ligg til landsdelssamanslutningane.
3. Vurdering og oppfølging av meldinga vil i første rekkje vere eit ansvar for næringa, fylkesmennene og fylkeskommunane.
4. Vestlandsrådet føreset at fylkeskommunane sjølve tek stilling til finansieringa av si deltaking i oppfølgingsprogrammet.

Prenta vedlegg:

1. "Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram av melding om kystskogbruket"
2. "Oppfølging av Melding om Kystskogbruket" brev til fylkesordførarane av 11.05.09 frå fylkesrådsleiaren i Nord-Trøndelag

Uprenta vedlegg: Møtereferat frå oppstartsmøtet 24. juni 2009 i Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram

Saksframstilling

Bakgrunn

Meldinga om Kystskogbruket er behandla både i fylkeskommunane og i dei to landsdelsamanslutningane. Behandlinga syner at fylkeskommunane i stor grad sluttar seg til vurderingane i meldinga. Vidare at ein finn det rett at tiltaka i meldinga blir følgt opp av fylkeskommunane i fellesskap i nært samarbeid med forvaltninga hjå fylkesmennene og næringa sjølv.

Fylkesmennene sine landbruksavdelingar har følgt opp meldinga ved frå 01.04.08 å setje i gang eit oppfølgingsprosjekt som skulle koordinere og organisere oppfølginga i skognæringa. Prosjektet blei frå 01.02.09 avløyst av eit "Oppfølgingsprogram for Skognæringa Kyst".

Nord-Trøndelag fylkeskommune og Landsdelsutvalget for Nord-Norge har på si side teke initiativet til eit "Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram" (vedlagt).

Programmet skal ha ansvaret for å følgje opp dei felles fylkeskommunale tiltaka som er prioriterte i meldinga. Dette er tiltak av skognæringspolitisk karakter og som er ein føresetnad for at skognæringa skal kunne utvikle seg godt i fylka.

Programmet blir føreslått styrt av ei politisk styringsgruppe på tre personar, ein frå kvar av landsdelane. Vestlandsrådet valde i februar Jan Magne Dahle som politisk representant i arbeidet med oppfølging av meldinga. Han sit no i styringsgruppa.

I tillegg til ei lita styringsgruppe har programmet kome med eit forslag om at kvar fylkeskommune oppnemner ein politikar som har eit spesielt politisk ansvar for desse spørsmåla i sitt fylke. Vedkomande skal vidare saman med styringsgruppa utgjere eit skognæringspolitisk nettverk i kystskogbruket. Det blir lagt opp til eitt møte pr. år i samband med ein skognæringspolitisk konferanse. Elles vil kontakten gå via epost m.v..

Sekretariatet som er skissert i programmet er først og fremst ein programsekretær som blir leigd inn særskilt. Det faglege sekretariatet er det føresett at fylkesmannsembeta tek seg av.

For å sikre god kontakt med den fylkeskommunale administrasjonen går ein inn for at det i kvar fylkeskommune blir oppnemnt ein fast administrativ kontaktperson/saksbehandlar. Desse skal følgje opp sakene i det fylkeskommunale systemet og vil vere naturlege kontaktpersonar for sekretariatet.

Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag har på vegne av sine fylkeskommunar vedteke oppfølgingsprogrammet og den føresette finansieringa på kr. 50 000 pr. fylkeskommune.

Dei andre fylkeskommunane har saka til vurdering/behandling.

Pr. mai 2009 hadde ikkje Nord-Norge formelt oppnemnt ein representant til styringsgruppa.

Det er ikkje heilt avklart kva rolle landsdelssamanslutningane skal ha i oppfølginga. Her viser behandlinga av meldinga noko ulike syn. Vestlandsrådet gjorde i møte 20.02.08 slikt vedtak:

”1. Vestlandsrådet tek utgreiinga til orientering.

2. Vurdering og oppfølging av meldinga vil i første rekkje vere eit ansvar for næringa, fylkesmennene og fylkeskommunane.”

Uavhengig av noko sprikande syn, meiner styringsgruppa at det vil vere viktig at landsdelssamanslutningane er representerte i møte/arrangement, gjerne med ein fast kontaktperson.

Styringsgruppa sende 11. mai 2009 brev til fylkesordførarane/-rådsleiarane (vedlagt) der ein ber om følgjande avklaringar:

- Programforslaget blir teke opp til behandling i fylkeskommunane og/eller i landsdelssamanslutningane.
- Finansieringa blir avklart anten fylkeskommunalt eller på landsdelsnivå.
- Kvar fylkeskommunen oppnemner ein politikar som har eit spesielt politisk ansvar for dette og som saman med styringsgruppa vil utgjere eit skognæringspolitisk nettverk i kystskogbruket.
- Kvar fylkeskommunal administrasjon oppnemner ein fast administrativ kontaktperson/saksbehandlar for dette oppfølgingsarbeidet.

Vurdering

Fylkesrådmannen vurderer det slik at oppfølginga i hovudsak bør skje i fylkeskommunane, noko som oppfølgingsprogrammet også legg opp til. Ein del av dei sentrale problemstillingane som er lista opp i programmet har likevel ein politisk karakter som med fordel kan drøftast i Vestlandsrådet.

Medlemsfylka etterlyser samarbeid om oppfølginga, men fylkesrådmannen tilrår at dette skjer i regi av fylkeskommunane og ikkje gjennom Vestlandsrådet.

Fylkesrådmannen tilrår som sagt at Kystskogbruket i hovudsak blir følgt opp i medlemsfylka. Såleis bør finansieringa også skje og avklarast i fylkeskommunane.

Vestlandsrådet er representert i styringsgruppa, men har ikkje gjort formelt vedtak om tilslutning til oppfølgingsprogrammet. Fylkesrådmannen tilrår difor at dette blir gjort i denne saka.

Vedkommande som sit i styringsgruppa er ikkje medlem av rådet og har heller ikkje fått klare styringssignal for sitt arbeid. Fylkesrådmannen ser behov for ei avklaring i høve vår rolle i styringsgruppa og føreslår difor at dette blir tatt opp og drøfta i neste møte i rådet.

Sekretariatet i Vestlandsrådet har ikkje administrativ kapasitet til å følge opp med å delta aktivt i ulike enkeltprosjekt. Fylkesrådmannen ser heller ikkje behovet for at rådet skal delta administrativt inn i programmet då det er lagt opp til at fylkeskommunane kvar for seg ivaretek denne biten.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til "Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram" som er ei oppfølging av Melding om kystskogbruket gjennom sin representasjon i styringsgruppa for programmet.
2. Rådet vil utover dette engasjere seg i aktuelle problemstillingar som naturleg ligg til landsdelssamanslutningane.
3. Vurdering og oppfølging av meldinga vil i første rekkje vere eit ansvar for næringa, fylkesmennene og fylkeskommunane.
4. Vestlandsrådet føreset at fylkeskommunane sjølve tek stilling til finansieringa av si deltaking i oppfølgingsprogrammet.